

Saksbehandlar: Kristin Arnestad, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 19/3872-4

## **Nye frukt- og bærkulturar - basisprosjekt 2019**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Njøs Næringsutvikling får eit tilskot til prosjektet Nye frukt og bærkulturar – basisprosjekt 2019 på 100 000 kr.
2. Det blir bedt om at marknadsarbeid blir prioritert
3. Tilskotet vert dekkja med disponible restmidlar

### **Vedlegg:**

Søknad Nye frukt og bærkulturar – basisprosjekt 2019, sendt 1. april 2019

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

Njøs Næringsutvikling har søkt fylkeskommunen om 200 000 kr. til prosjektet Nye frukt og bærkulturar – basisprosjekt 2019.

#### Tidlegare tilskot

Forprosjektet blei gjennomført i 2005, og basisprosjektet har allereie gått i 12 år, sidan 2006. I alle åra har satsinga vore finansiert av Sogn og Fjordane fylkeskommune, og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (i 2015 berre av fylkesmannen). I 2018 fekk prosjektet 100 000 kr. av fylkeskommunen, og 200 000 kr. av fylkesmannen.

#### Sentrale problemstillingar

Når satsinga har gått så lenge er det ikkje å rekne som eit prosjekt lenger, men må sjåast på som ein del av drifta til Njøs Næringsutvikling. Etter retningslinene for verkemiddelbruk er det høve til å støtte prosjekt som del av lokalt og regionalt utviklingsarbeid i inntil 5 år. Så har vi nokre få unntak der vi gir noko som ha meir form av driftsstøtte. Med unntak av nasjonale programsatsingar (inkubator, næringshagar, Ungt Entreprenørskap m.m.) må vi då nytte eigne driftsmidlar.

#### Andre opplysningar

Normalt finansierer vi ikkje prosjekt og tiltak som også fylkesmannen eller Innovasjon Norge finansierer. I særskilde tilfelle er det likevel mogleg der det vil ha utløysande effekt for prosjektet.

For nokre år sidan gjorde fylkeskommunen og fylkesmannen ein avtale om at fylkesmannen dekker finansieringa av programstyret for frukt og grønt. Når det gjeld basisprosjektet har det vore samfinansiering i alle år med unnatak av eitt.

Njøs Næringsutvikling har vore i kontakt med fylkeskommunen i førekant av denne søknaden. Vi har gitt dei tilbakemelding om at vi ser føre oss same arbeidsdeling som tidlegare når det gjeld grunnfinansiering av programstyret (fylkesmannen tek heile finansieringa), og så er det høve til å søkje klimamidlar til klart definerte prosjekt som bygger opp under Regional plan for klimaomstilling. Når det gjeld basisprosjektet har vi sagt at det kan vere aktuelt med samfinansiering også i år, og difor sagt at det kan sendast søknad til begge partar. Etter at søknaden kom inn er den drøfta med fylkesmannen, og konklusjonen går fram i vurderinga.

Til orientering så blir midlane fylkesmannen disponerer til desse tiltaka i 2020 overført til fylkeskommunen i tråd med regionreforma.

## **2. Nærare omtale**

### Bakgrunn

Dette er ei kontinuerleg og langsiktig satsing, og fylket har ved denne satsinga oppnådd ein førande posisjon i landet på utvikling av nye frukt- og bærkulturar. Med utgangspunkt i basisprosjektet er det etablert felt for kommersiell produksjon av nokre kulturar, og andre kulturar er no klare for vidareføring i eigne prosjekt og oppstart av kommersiell produksjon. Etablering av salskanalar for nye frukt- og bærslag er ei viktig satsing i basisprosjektet framover.

### Prosjektbeskriving

Prosjektet omfattar desse elementa:

- Søk etter potensielle nye kulturar gjennom litteratur, internett, kontaktnett, internasjonale fagmøte og studieturar.
- Formidling av innsamla informasjon.
- Utarbeiding av grundige rapportar om dei kulturane som vert tekne inn i prøving.
- Inntak av materiale, etablering og stell av prøvefelt.
- Kartlegging av eigenskapar hos materiale i prøvefelt og formidling av resultat frå prøvinga.
- Marknadsarbeid
- Første vurdering av nye kulturar som produkt for direktekonsum, restaurantkjøkken og råvare for industri.
- Etablering av salskanal(ar) for nye frukt- og bærslag
- Første vurdering av produksjonsøkonomi hos lovande kulturar

Dei siste par åra er det arbeid med å få på plass velegna kanalar for omsetnad av nye frukt- og bærslag. I 2018 var det derfor lagt spesielt vekt på marknadsarbeid, og dette er det planlagt å halde fram med i 2019.

### Prosjekt mål

Det overordna målet med prosjektet er å finne nye frukt- og bærkulturar med potensial for lønsam kommersiell produksjon i Sogn og Fjordane. Kulturar som gjennom basisprosjektet syner slikt potensial blir så søkt vidareført i separate prosjekt.

### Prosjektorganisering og samarbeidspartar

Prosjektet blir gjennomført av Njøs næringsutvikling AS. Prosjektet har ei styringsgruppe som består av fylkesgartnaren (fylkesmannen) og to dyrkarar.

Prosjektet samarbeider med dyrkarar, frukt- og bærmottak, Norsk landbruksrådgiving, NIBIO, lokal konservesindustri, restaurantar og BAMA direkte i utprøving av kulturane og råvarer frå prøvinga.

### Aktivitetar

Spesielle satsingsområde i 2019:

- Marknadsarbeid med utvida fokus
- Produsere planter og etablere større prøvefelt med eldkvede.
- Undersøkingar rundt hausting og haldbarheit i svarthyllblom, haskap, minikiwi og goji-bær.
- Utarbeide ein stegvis modell frå start av utprøving av ein ny kultur til etablert kommersiell dyrking med marknadstilgang.

Målgrupper

Frukt- og bær dyrkarar (produksjon av råvare)

Frukt- og bær mottak (mottak og vidaresending av råvare)

Konserverindustri og småskalaprodusentar (vidareforedling av råvarer)

Grossistar for omsetnad av frukt og bær til friskkonsum og HOREKA (omsetnad av råvare)

Resultat og effektar

Resultat av prosjektet skal mellom anna vere: konklusjonar om potensial for kommersiell dyrking av nye kulturar. Resultat og erfaringar frå prøving av nye kulturar i dyrking og av råvare hos konserverindustri, grossist, friskkonsum og restaurantkjøkken. Etablerte avsetningskanalar for nye kulturar tilpassa tilgjengelege produktmengder. Modell for introduksjon av nye kulturar frå start av utprøving av ein ny kultur til etablert kommersiell dyrking med marknadstilgang.

Effektar på sikt skal vere dyrking av eit større spekter av frukt- og bærkulturar i Sogn og Fjordane som kan gje auka inntening og breiare produktspekter hos dyrkarar, frukt- og bær mottak, konserverindustri, bryggeri, småskalaprodusentar av saft og syltetøy, og omsetnadsledd. Tilgang til eit større spekter av norskprodusert frukt og bær.

Tidsplan, budsjett- og finansiering

Dette er eit langsiktig og kontinuerleg prosjekt der det føregår aktivitet på alle aktivitetsområde stort sett gjennom heile året gjennom mange år. Søkjar seier difor at milepelsplan er derfor mindre relevant, men dei har sette opp desse spesielle punkta for 2019:

April-juli 2019: Produsere planter og etablere større prøvefelt med eldkvede.

Juni-sep 2019: Undersøkingar rundt hausting og haldbarheit i svarthyllblom, haskap, minikiwi og goji-bær.

Okt-Des 2019: Utarbeide ein stegvis modell frå start av utprøving av ein ny kultur til etablert kommersiell dyrking med marknadstilgang.

**Kostnadsplan**

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Driftskostnader	50 000					50 000
Personal- og indirekte kostnader	460 000					460 000
Reisekostnader	30 000					30 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>540 000</b>					<b>540 000</b>

**Finansieringsplan**

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Eigeninnsats Njøs næringsutvikling AS	140 000					140 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	200 000					200 000
UTM-midlar - Fylkesmannen i Vestland	200 000					200 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>540 000</b>					<b>540 000</b>

**3. Vurderingar og konsekvensar**

Sogn og Fjordane er eit leiande frukt og bær fylke. Det langsiktige arbeidet med å finne nye frukt og bærkulturar med potensiale for lønsam kommersiell produksjon har heilt klart bidrege til dette. Det krev langsiktig og systematisk arbeid for å dyrke fram nye sortar. Det har tidlegare blitt sett på om det er mogleg å få andre finansieringskjelder inn i prosjektet, men det har vist seg vanskeleg, mellom anna fordi det i forskingsprosjekt er krav om eigeninnsats frå personar med tilsetjingsforhold i eit bedrift og det vert ikkje godkjent eigeninnsats frå til dømes dyrkarar.

Vi har vurdert prosjektet som så viktig at vi har støtta det mykje lenger enn det retningslinene tilseier. Vi har signalisert at vi i samband med samanslåing av fylkeskommunane må gjere ei ny vurdering om prosjektet kan støttast.

Sjølv om prosjektet har vore viktig, og det nok framover også vil vere trong for å jobbe systematisk med utvikling av nye sortar så meiner vi at det bør stillast spørsmål om det er trong for like stor aktivitet kvart år. No har prosjektet vore mykje likt gjennom mange år, kanskje bør det vere mindre aktivitet knytt til for nyplanting og registrering nokre år, og ein større innsats andre år. Det er ynskje om at det framleis vert jobba med marknadsarbeid.

Det er naturleg at den offentlege innsatsen går noko ned over tid. Vi vel å rå til å gå inn med eit tilskot på 100 000 kr. Fylkesmannen handsamar søknaden som er sendt til dei i mai 2019. Vurderingane som er gjort i denne saka er i tråd med dei vurderingane som fylkesmannen vil gjere. Truleg blir det berre fylkeskommunen som går inn med midlar i år.

For 2020 vil det gjerast nye vurderingar i samband med fylkessamanslåing og overføring av oppgåver og midlar frå fylkesmannen til fylkeskommunen.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesdirektøren rår til å støtte arbeidet i Nye frukt og bærkulturar – basisprosjekt 2019 også i år. Det er likevel naturleg å sjå på om aktiviteten bør vere like høg kvart år. Fylkesdirektøren rår til å gå inn med ein sum på 100 000 kr.

Det er ynskje om at marknadsarbeid framleis er ei prioritert oppgåve.